



Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

NR. 4 | JULENUMMER | 2014 | 91. ÅRG.

*God Jul
og Godt Nytt År!*



LYSET SKIN I MØRKRET



KÅRE MESTAD

Den kjende målarer Rembrandt har laga eit bilete av stallen i Betlehem som har gjort eit sterkt inntrykk på meg. Biletet viser eit svært fattigsleg rom der det ikkje kjem inn lys utanfrå. Lyset som gjer at det er råd å skilja personane på biletet kjem frå barnet som ligg i krubba og lyser. Maria og Josef, hyrdingane og dyra i stallen, får alle sitt lys frå barnet.

Truleg opplevde dei det ikkje slik den fyrste julenatt. Jesusbarnet såg nok ut som eit heilt vanleg barn. Det var trua, skapt av englebodskapen på Betlehemsmarkene som såg Guds herlegdom lysa fram frå barnet i krubba.

Slik har kunstnaren gripe sjølv hovudsaka i juleevangeliet, det som evangelisten Johannes skildrar slik: "Lyset skin i mørkret". Gjennom Jesus Kristus skin lyset inn i vår verd som elles ligg i mørke.

At verda ligg mørke, er ikkje det same som at verda ikkje lenger er Guds verd, eller at det ikkje finst noko som er godt og vakkert utanom Kristus. Det gjer det i høg grad. Vårt mørke er at vi har mist kontakten med skaparen. Den Vonde har fått oss til å tru at vi lever best når vi er våre eigne herrar, utan Gud. Difor vert mørkret avslørt når skaparen sjølv stig inn i vår verd.

"Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje i mot han". Slik var det den fyrste julenatt. Juleevangeliet seier det slik: "Det var ikkje husrom for dei."

Men det store underet, som vi aldri vert ferdige med å undra oss over og gle oss over, er at han kom likevel. Han let seg ikkje stogga av våre stengde dører. Julenatt ligg han der i krubba og kastar sitt lys over oss, ved at han kjem sjølv inn i vår mørke verd som eit hjelpelaust menneskebarn. Han lyser for oss som frelsaren.

Dette lyset opplevde mange sjuke, hjelpelause og utstøyte menneske som seinare møtte Jesus. Og det same lyset strålar frå Golgata, der Jesus andar ut på krossen med orda "Det er fullført" på leppene sine. Fyrst der anar vi den djupaste grunnen til at han kom. Han kom for å ta det store oppgjerd med vårt fråfall som ingen av oss er i stand til å ta. Han kom for å ta på seg dommen over alle våre synder.

Då er vi ved det som tala aller sterkast til meg då eg såg biletet av Rembrandt. Lyset fell på alle som samlar seg kring barnet. Der finn vi Maria og Josef og hyrdingane. Og ser vi nøgnare etter, finn vi ute i kantane av biletet nokre som er kledde slik som vanlege folk brukte å vera det på den tida då biletet vart måla.

Slik er det Frå den fyrste julenatt til i dag lyder vitnemålet frå alle som har møtt han og kome nær han: "Vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning".

Lyset skin i mørkret. Vi vil få oppleva det på nytt denne jula. Lat oss våga oss inn i lyset frå Jesus, ta i mot han i tru, takka og tilbe han.




TRUSOPPLÆRINGA

BYGGER PÅ

MODERNE

LÆRINGS-

FILOSOFI



Det er ikkje berre skulen sin pedagogikk som er i endring. Gjennom Trusopplæringsreforma har kyrkja blitt utfordra til å tenke gjennom sine læringsstrategiar. Gjennom teologiens lære består mennesket av kropp, sjel og ånd. Trusopplæringa må søkje inn mot desse dimensjonane i menneskelivet med ulike formar for læring.

Professor Geir Afdal underviser i religionspedagogikk ved Det Teologiske Menighetsfakultet i Oslo. I heftet Kirkerådet har gitt ut, Størst Av Alt – Sammen om trosopplæring (s. 16-17), fortel han om dei nye tankane og metodane innan læring. «Det snakkes ikkje lenger så mye om undervisning,» seier Afdal. «Nå brukes begrepet læring. Når det gjelder læring er det eleven, og det læringsutbytte hun eller han sitter igjen med, som er i fokus.»

Afdal seier at tidlegare dreide undervisningsbegrepet seg mykje om læraren og formidlinga læraren gjorde. Katekismeundervisninga i konfirmasjonstida står som eit skrekkeksempel. Og i kristendomsundervisninga i skulen i tidlegare år blei kristen tru

formidla av nokon som visste betre. «Læreren opptrådte som sannhetsgarantist,» seier Afdal.

LÆRING ER SAMARBEID

Afdal poengterer at læring av i dag handlar meir om samarbeid enn formidling. Han seier at det i dag er to lærings syn som dominerer. Det eine handlar om å lære barnet/eleven å lære. I eit samfunn i stadig endring, er det nødvendig å vere i stand til å lære det nye som kjem. I kyrkjeleg samanheng handlar det om å gi barnet reiskapar til å forstå kyrkja og Guds verden. «Kall det en religiøs språkbeholdskap.» seier han.


Det andre synet fokuserer på den kollektive dimensjonen, ifølge Afdal. Han seier at i den kollektive dimensjonen skjer læringa gjennom det vi gjer saman – i eit fellesskap. Her handlar det om praksis, det å gje borna aktivitetar som er meningsfulle for dei. For som han seier: «I denne trosopplæringsprosessen må formidleren bli en medlærende. Den voksne må ikke tvi-

holde på en klar fasit, men må våge å slippe seg ut på glattisen.»

Ein viktig faktor ved den moderne læringsfilosofien er at ekte læring gjev motstand – nettopp fordi læring handlar om personleg endring, og ikkje berre noko vi skal forstå.

TOLKE ULIKT

Trusopplæring handlar mellom anna om å høyre, forstå, smake, reflektere, synge, lese, dramatisere, og vere aktive deltakarar. Gjennom alt dette vil borna forstå og tolke ulikt. Dette er heilt naturleg – all den tid alle menneske er unike med ulike eigenskapar for oppleving og læring. Vi håpar at vi gjennom dei ulike trusopplæringsstiltaka vil stimulere og fremje desse kvalitetane hos barnet, samstundes som dei kjenner at dei høyrer til i eit fellesskap i kyrkja.



TRUSOPPLÆRING I ASKVOLL – FØRSTE HALVÅR 2015

DEN STORE FORTELJINGA

Hei alle «Minikonfirmantar», 10-11-åringar!

Det er no omlag ti år sidan du vart døypt. Ein del av oppdraget som foreldra og fadrane dine sa ja til då, var at dei skulle "hjelpa deg å bruka Guds ord". For å vere med å oppfylle dette løftet, vil Kyrkja i Askvoll invitere deg som går i 5. klasse, med på to samlingar om

"**Den Store Forteljinga**", samt ei gudsteneste der du får utdelt Bibelen, Konfirmantbibelen, som er ein bibel med spennande tilleggsstoff.

I den første samlinga vil vi fokusere på forteljingar frå Det Gamle Testamentet.

Vi vekslar mellom forteljing, film, drama, og song.

Den andre samlinga handlar om Jesu liv og Det Nye Testamentet.

Vi skal leike, sjå film og bli kjent i Bibelen.

Målet med samlingane er at vi vil gje deg lyst til å lese i Bibelen og bli interessert i den. Dette opplegget vil bli arrangert i januar og februar, og det vil bli sendt ut invitasjonsbrev.

PÅSKE- VANDRING

I samband med trusopplæringa, inviterer kyrkja i Askvoll alle som er født i 2006 til å vere med på påskevandring. Opplegget for påskevandringa vil bli

gjennomført rett etter påske, og det vil bli sendt ut invitasjonsbrev.

PÅSKEVANDRINGA ER EI VANDRING GJENNOM PÅSKE.

Palmesøndag rei Jesus inn i Jerusalem for siste gong.

Når vi kjem til **skjærtorsdag**, får vi høyre om då Jesus vaska føtene til læresveinane, og gav dei påskemåltidet.

I Getsemanehagen fall Jesus ned på kne og bad for livet sitt.

Langfredag døydde Jesus på krossen.

Påskemorgon steig den krossfeste Jesus ut av grava.

Tomas var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus viste seg for dei. "Vi har sett Herren." sa dei til han. Men Tomas trudde dei ikkje. Den oppstadne Jesus møtte disiplane òg ved **Tiberiassjøen** der han hjalp dei å få fisk.

UTVIDING AV ASKVOLL KYRKJEGARD

Ei utviding av Askvoll kyrkjegard er under planlegging, og vonleg vert det oppstart med anleggsarbeidet i vinter. Det er planlagt ei utviding mot nord på om lag 2,5 mål, der det er planlagt fem nye gravfelt med samla kapasitet på 258 nye graver. I tillegg vil det komme ei opprusting av eksisterande veg- og stinett, og ny lyssetting og beplanting.

Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2 6809 Førde Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42 6900 Florø Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster Telefon 57 73 02 95

*Vi ønsker alle våre gjester/kunder
ei riktig God Jul og eit Godt Nyttår!*

**Askvold
Sjøbuer**
MAT + DRICKE

57 73 03 81

OPNINGSTIDER I ROMJULA: 27.12 - 30.12 kl. 12.00 - 18.00
Julafta, 1. juledag, 2. juledag, nyttårsafta og 1. nyttårsdag held vi stengt



BARNESIDA

VINNARAR FRÅ KONKUR- RANSEN I BARNESIDA I HAUSTNUMMERET

VI HAR TREKT UT FIRE VINNARAR AV KONKURRANSEN PÅ BARNESIDA I FØRRE NUMMER AV KYRKJEBLADET.

Dei fire er:

- Jenny Sande Askevold frå Atløy
- Lea Herland frå Atløy
- Rebekka Valvik frå Kvammen
- Sivert Offerdal Lien frå Sørbøvåg

Desse kan vente seg ei bokoverrasking i posten.

Jenny Sande Askevold har sendt oss denne fine fargelegginga.



INTERVJU

KVA OPPGÅVER HADDE DU SOM KLOKKAR?

Som klokkar hadde eg ansvaret for alt som hadde med gudstenester å gjere. I arbeidsinstruksen sto det at eg skulle hjelpe presten med å få på messehakkelen fordi det i dei første åra var hemper på skuldrane. Når dei vart fri for hemper, klarte dei seg sjølve.

FEKK DU ANDRE OPPGÅVER UTANOM KLOKKARJOBBen?

Eg vart spurt av Astrid Helle om eg kunne ta vask av Holmedal kyrkje i ein periode. Dette var hovudvask, der Astrid i ein periode var kyrkjetenar og kyrkjeverje.

Eg vart og spurt av Gunnar Askevold om eg kunne gå inn i ei vakant stilling i Askvoll kyrkje som klokkar. Her vart det og spørsmål om vask av kyrkja. Har vel vore innom i dei fleste kyrkjene som kyrkjetenar og alt mulig kvinne forutan om i Bulan-det. Der har eg ikkje vore.

Fekk og i oppgåva å lære opp Hildur Selnes, Yaqub Siraj og Thomas Roshan når dei tok til i stillinga som kyrkjetenar.

KOR MANGE PRESTAR HAR DU HATT SAMARBEID MED:

Eg har hatt samarbeid med 7 prestar og like mange som kom inn som vikar i denne perioden.

KAN DU FORTELJE OM NOKO SOM HAR GJORT STERKT INNTRYKK I SAMBAND MED JOBBen?

Eg synst det var ei flott oppleving når det var 6 barn som vart

MED VIGDIS LØKKEN ELLINGSEN

døypte i Holmedal kyrkja i 2012.

Hugsar godt tidlig på 90 talet at dei som skulle til kyrkje på den andre sia kom roande over fjorden.

Ein gong var det vigsel med kronebrud, det var ei spesiell oppleving å stå i tårnet når dei kom roande med spelemenn i båten, kom nok ei tåre fram i augekroken då.

17. mai var det og flott å kunne vere i tårnet og sjå når toga frå Rivedal og Vårdal kom til møtes.

KUNNE DU VERTE STRESSA NOKON GONG:

Eg hugsar veldig godt når eg skulle ringe i Holmedal kyrkje ein søndag at det hang ei flaggermus i bjelken. Så for kvar gong eg drog i tauet flaksa den med vingane. Måtte då be om hjelp frå kyrkjelyden til å få den ut.

Ein søndag eg var oppe og ringde med kyrkjeklokka i Stongfjorden, låste ho seg i ståande stilling, og eg måtte legge ei lapp til presten om at det ikkje kunne ringast ved utgang.

KVA SOM GJER AT DU HAR VORE I DENNE JOBBEN SÅ LENGE:

Trivsel og omgang med menneskjer har vore ein viktig faktor. Har alltid følt at kyrkjelyden har trivest i lag med meg, sjølv om eg har «knota» mykje med å lære meg nynorskog fekk vel det aldri heilt til.

Har hatt eit godt samarbeid med kollegarar og frivillige, og har trivast godt i alle samanhengar. Kjem nok til å sakne det å kunne ha ein slik jobb å gå til !!

KAN DU ANBEFALE ANDRE Å ARBEIDE I KYRKJA?

JAI!!



KORLEIS HAR DU DET SOM PENSJONIST?

Når eg no har gått inn i rekkene som pensjonist, har eg ikkje fått anledning til å føle på det å vere pensjonist slik eg kunne ynskt.

Eg var så uheldig å skade foten og måtte til å balansere på krykker så det var slik smaken på pensjonisttilværelsen har vore til no.

Men eg håper på mange fine år framover der eg kan ha tid til familie og vener. Saknar og å vere ein del kyrkjelyden att.

HAR DU NOKO YNSKJE FOR KYRKJELYDEN NÅR VI NO GÅR INN I ADVENT?

Eg håper alle får ei harmonisk førjulstid !

Vil med dette få ynskje alle ei vel-signa jul frå meg.

FØDT BERGEN 12.05.47.

HAR 3 BARN 1 JENTE OG 2 GUTER, 11 BARNEBARN OG 1 OLDEBARN.

YRKESERFARING:
ARNA YRKESKULE, GARNES
HUSFLIDSKULE.

JOBBA I DOMKIRKEHJEMMET
SOM AVDELINGSVIKAR PÅ
ALLE AVDELINGAR DER.
VART TILSETT FAST SOM
VASKERIASSISTENT FRÅ
1977-1983. VAR OG INNOM
KLAUSEN MEK.VERKSTED
A/S I 1984-1985 SOM
REINHALDSASSISTENT OG
HEIMEHJELP I FJALER
KOMMUNE.

TILSETT I ASKVOLL SOKN
SOM KLOKKAR I HOLMEDAL
FRÅ 02.01.1991 TIL
01.06.2014.

LAURDAGSKLUBBEN

- KOM OG BLI MED!



"Hei, så kjekt at du vil vere ilag med oss i dag!" - slik blir borna møtt i Askvoll kyrkje når Laurdagsklubben har samling. Annankvar laurdag frå klokka 13 til klokka 14.30, møtast born i aldersgruppa 4 til 8 år i kyrkja for å høyre og lære om Jesus. Spanande bibelforteljingar, song og musikk og forskjellige praktiske aktivitetar, som til dømes rebusløp, teikning og klippe og lime, er noko av det borna får ta del i. Born under skulealder har med seg ein vaksen - dei får og vere med på det vi gjer. Somme tider deltek Laurdagsklubben og i gudstenester - då får alle sjansen til å sjå og høyre nokre av dei fine songane vi kan.

Laurdagsklubben, som dei fleste kjenner som Søndagsskulen, skal vere ein stad der born opplever at dei er verdfulle, og skapt i Guds bilete - her kan dei bli betre kjende med Jesus som frelsar og ven. Laurdagsklubben er og ein stad der ein kan undre seg over livet og trua - ein trygg og god stad å vere for borna. Sidan vi er så heldige å få vere i den flotte "nye" kyrkja i Askvoll, får borna og bli betre kjende med kyrkjebygget og ulike kristne ritual, som til dømes lystening i globen og bøna, Fader vår, kring alteret.

Laurdagsklubben i Askvoll er tilslutta Norsk Søndagsskuleforbund. Klubben er ei vidareføring av Søndagsskulen som tidlegare vart arrangert i Holmedal. Laurdagsklubben har ei eiga Facebookside, "Laurdagsklubb i Askvoll kyrkje", der vi minner om klubb dagar og anna informasjon. Elles vil du kunne finne oppslag om Laurdagsklubben rundt om på dei lokale matbutikkane i bygdene.

"Born og foreldre frå heile kommunen er velkomne til ei hyggeleg stund i Askvoll kyrkje, ilag med oss", seier leiarane Runhild, Sidsel Anita, Bente, Julie og Silje.



Datoar for Laurdagsklubben på nyåret er:

**10. januar, 24. januar, 7. februar, 21. februar, 7. mars, 21. mars,
11. april, 25. april, 9. mai og 23. mai.**

HELG I BULANDET

FOR SOKNERÅD OG TILSETTE

*Båttur i frisk haustver med
Rune Thistel som skippar*





Frå ei av gruppene på strategiseminar

For fjerde år på rad var soknerådet i Askvoll og dei kyrkjeleg tilsette samla ein haustweekend i november. Tidlegare år har desse samlingane vore lagt til Bergen, men i år satsa ein på ein lokal destinasjon, nærare bestemt Floren i Bulandet. Utanom god mat, underhaldning og mykje sosialt samvær vart det rom for både båttur og seminar med fokus på strategiarbeid for soknet. Ein skipa til «Visjonær verkstad» mellom anna med gruppearbeid, der ein skulle peike ut ulike satsingsområde og strategiar soknet bør ha i arbeidet i tida framover.

Ved fyret på Sandøy



DUGNAD I HOLMEDAL

Det er planlagt dugnad i Holmedal kyrkje i på nyåret.

Av oppgåver som skal utførast er:

- Måling av golv
- Fjerning av benkar
- Innreie barnekrok
- Montering av skåp og benkar i dåps-sakristi

Viss du vil vere med på dette, og teikne deg på dugnadsliste, er det fint om du kontaktar kyrkjekontoret.

HOLMEDAL KYRKJE – BARNEKROK OG NYTT ELEKTRISK ANLEGG

Holmedal kyrkje vert stengt i perioden januar-februar grunna utskifting av elektrisk anlegg og varmesystem. I tillegg vert det innreidd barnekrok under galleriet. Vi håpar at fleire vil stille på dugnad og vere med på arbeidet med å fjerne eksisterande rørovnar og måle om golvet.

Etter planen gjenopnar Holmedal kyrkje med gudstenesta 1. mars. Imidlertid har entreprenøren varsla at det er ein viss risiko for at varme-elementa til kyrkjeovnene ikkje kan verte leverte i tide frå underleverandør. I så fall vert anleggsperioden noko forlengta, og opninga må utsetjast.

I KYRKJELYDEN ASKVOLL SOKN



DØPTE 2014



HOLMEDAL

09. november Sigurd Ask Torsheim

ASKVOLL

21. september Thomas Ringebo

26. oktober Magnus Solheim
Aralden

23. november Wenke Nordeide
Grytten-Larsen

VILNES

05. oktober Emilia Vårdal

KVAMMEN

12. oktober Ida Unemo

02. november Sigurd Lundon
Russenes

GRAVLAGDE 2014



ASKVOLL

25. sept. Ann Iren Bauge f. 1959.

07. okt. Jorunn Grane f. 1928.

07. nov. Solfrid Oddbjørg Yndestad
f. 1928.

HOLMEDAL

29. okto. Helga Håland f. 1924.

ENDRA VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I ASKVOLL

Frå 1. januar neste år vert det nokre endringar i dei lokale vedtektene for gravplassane i Askvoll.

Det som er nytt i forhold til tidlegare vedtekter er at det vert ei oppmjuking når det gjeld høvet til å forlengje festeavtaler ut over 50 og 70 år etter sist gravlegging. Grensa på 50 år er fjerna, og det er berre for graver eldre enn 70 år etter sist gravlegging det vert kravd løyve frå soknerådet for å feste vidare. Tidlegare har ein berre fått høve til forlengje

feste i særskilte høve, mens ein med dei nye vedtektene kan få forlengje festet så fram det ikkje er noko særskilt til hinder for dette (t.d. kapasitetsomsyn på den enkelte gravplassen).

For å sikre at det framleis vert opprettheldt omløp, er det vidare innført eit nytt avgiftssystem, nemleg at det vert eit tillegg på 50% på festeavgift på graver eldre enn 70 år etter sist gravlegging.

Desse omleggingane inneber redusert byråkrati, og eit forvaltings-

system som vert enklare å handtere administrativt.

Ei anna endring er at festeperioden vert redusert frå 10 til 5 år. Det betyr at ein frå 2015 skal betale festeavgift kvart femte, og ikkje kvart tiande år. Med denne endringa har gravplassforvaltninga hyppigare kontakt med festarane, og meir oppdaterte opplysningar.

I tillegg til endringane i vedtektene vert det også justerte betalings- og avgiftssatsar for gravferdsområdet frå 1. januar 2015:

Avgift for feste av grav (pr. grav pr. år)	kr 150,-
Avgift for feste av grav over 70 år (pr. grav pr. år)	kr 225,-
Gravleggingsavgift, kiste (for andre enn dei som var busett i Askvoll kommune)	kr 6.000,-
Gravleggingsavgift, urne (for andre enn dei som var busett i Askvoll kommune)	kr 2.000,-

Fullstendige vedtekter for gravplassane i Askvoll ligg på våre heimesider www.askvoll.kyrkja.no under «Kyrkjer og gravplassar»



VILNES

30.sept. Aslaug Gudny Hindøy
f. 1922.

KVAMMEN

03.okt. Per Oddvar Osland f. 1936.

VÆRLANDET

23.okt. Harald Elias Fedøy f. 1948.

GUDSTENESTER I VÆRLANDET BEDEHUSKAPPELL

08.02. KL. 11.00:

Prest Sigurd Sande
Offer til kyrkjelydsarbeid/Den
Indre Sjømannsmisjon

28.03. KL. 11.00:

Prest Magnar Hellesøy
Nattver d. Offer til kyrkjelydsar-
beid/Frelsesarmeen

26.04.2015:

Prest Magnar Hellesøy
Offer til kyrkjelydsarbeid/Evan-
geliesenteret
Klokkeslett fastsett seinare
Arrangør: Gudstenesteutvalet,

Værlandet kyrkjelyd

Kyrkjevalet 2015

TIL HAUSTEN SKAL DET VERE KYRKJEVAL IGJEN. VALTINGET VERT DEN 14. SEPTEMBER, SAME DAG SOM KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET. SJØLV OM DETTE LIGG EI GOD STUND FRAM I TID, ER EIN I GANG MED FØREBUINGAR TIL VALET.

Kyrkjevalet er eigentleg to val. Det skal vere val på **sokneråd**, som er det lokale kyrkjestyret i soknet, og det skal vere val på **bispedømmeråd** som er eit regionalt kyrkjestyre. Medlemmene i bispedømmerådet vert automatisk medlem av Kyrkjemøtet, som er øvste organ for Den norske kyrkja sentralt.

Askvoll sokneråd fungerer som valstyre lokalt i soknet, og Jorunn Ringstad er oppnemnd av soknerådet som leiar for valstyret. Over nyttår startar det viktige nominasjonsarbeidet, der ein skal sikre gode kandidatar til soknerådet.

Valstyret er ansvarleg for at det vert stilt ei kandidatliste for val på sokneråd. Innan 1. mai skal lista vere levert til soknerådet.

Kven som helst med røysterett kan stille alternativ soknerådliste. Imidlertid vert det stilt visse krav til desse alternative listene, t.d. at det er 10 stemmeberettigta medlemmer som står som forslagsstillarar.

Dei som har forslag på gode kandidatar, eller sjølv kunne tenkje seg å sitje i soknerådet, kan gjerne melde dette til kyrkjekontoret, så vert dette formidla vidare til nominasjonskomitéen.

KUNNGJERINGAR OM KYRKJEVALET VIL FORTLØPANDE VERTE PUBLISERT PÅ VÅRE HEIMESIDER WWW.ASKVOLL.KYRKJA.NO UNDER SIDA «NYHENDE OG KUNNGJERINGAR».

GUDSTENESTER I JULA

24.12 Vilnes kl. 13.30 Julaftangudsteneste

24.12 Kvammen kl. 13.30 Julaftangudsteneste

24.12 Askvoll kl. 16.00 Julaftangudsteneste

24.12 Holmedal kl. 16.00 Julaftangudsteneste

25.12 Askvoll kl.12.00 Høgtidsgudsteneste

25.12 Bulandet kl 11.15 Høgtidsgudsteneste

31.12 Askvoll kl. 16.00 Minnegudsteneste

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE



ASKVOLL KYRKJE

11. januar kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

25. januar kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

08. februar kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

22. februar kl.19.00.

Kveldsmesse ved Knut Arne Kummeneje.

08. mars kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

22. mars kl.19.00.

Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.

05. april kl.12.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

19. april kl.15.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

03. mai kl.11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

17. mai kl ?

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

31. mai kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

14. juni kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



HOLMEDAL KYRKJE

01. januar kl.17.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

01. mars kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

02. april kl.19.00.

Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.

12. april kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

26. april kl.11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

17. mai kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

07. juni kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

21. juni kl.19.00.

Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.



STONGFJORDEN KAPELL.

15. februar kl.19.00.

Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.

24. mai kl.10.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.



VÆRLANDET KAPELL.

24. mai kl.10.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



BULANDET KAPELL

18. januar kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

01. februar kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

01. mars kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

22. mars kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

05. april kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

03. mai kl.11.00.

Gudsteneste ved prost Reidar Knapstad.

24. mai kl.12.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

21. juni kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.



VILNES KYRKJE

18. januar kl.19.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

15. februar kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

08. mars kl.19.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

27. mars kl.1

Barnehage-og skulegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

29. mars kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

09. mai kl.11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

07. juni kl.19.00.

Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.,

Sjå www.askvoll.kyrkja.no
for oppdatert
gudstenesteliste



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll

KONTAKT OSS



KVAMMEN

11. januar kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

25. januar kl.15.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

22. februar kl.11.00.

Gudsteneste ved prostiprest Stein Oltedal.

15. mars kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

03. april kl.19.00.

Kveldsmesse ved Knut Arne Kummeneje.

10. mai kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

24. mai kl.12.00.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

14. juni kl.19.00.

Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.

19. juni kl 9.30.

Barnehage- og skulegudsteneste



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjevevje

☎ 479 63 319
✉ kyrkjevjevje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjeseekretær

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

☎ 909 60 154
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



BENTE MYHRE STRØMMEN
Trusopplærar

☎ 930 07 372
✉ bente.strommen@eninvest.net



ANTON PROSKURNIN
Organist

☎ 482 32 977
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



KNUT ARNE KUMMEJEJE
Spesialprest (barn/unge)

☎ 908 55 230
✉ knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

KONFIRMASJONS- GUDSTENESTER FOR 2015

Holmedal kyrkje 26.04.15 kl. 11.00

Askvoll kyrkje 03.05.15 kl. 11.00

Vilnes kyrkje 10.05.15 kl. 11.00

Bulandet kapell 24.05.15 kl. 12.00

Værlandet kapell 24.05.15 kl. 10.00

Stongfjorden kapell 24.05.15 kl. 10.00

Kvammen kapell 24.05.15 kl. 12.00

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no

Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll

Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Beredskapstelefon: 954 83 152 ved akutt behov for prestetjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Bente Myhre Strømmen

Leiar Askvoll sokneråd: Ole Andreas Myrstad 906 32 818

JULEVERKSTAD I HOLMEDAL BEDHUS

Torsdag 27. november vart ein gammal tradisjon som vart avslutta seint på 90 talet her i kjellaren på bedehuset tatt opp att. I år var vi samla i øverste etasje for juleverkstad med lagning av adventskrans, decopage og sosialt samvær med vaflar og gløgg. Primus motor for dette var Anne Grethe Lien og Runhild Øvreås. Materialet vart skaffa til veie i nærmiljøet. Denne kvelden var det samla 15 vaksne, 2 ungdommar og 4 barn. Dette vart ei fin stund for store og små, og håpar vi kan ha dette som ein tradisjon i åra framover.

← Frå venstre Ida Aarseth og Ingrid Øvreås.

↓ Frå venstre Jorunn Bull (ho var med frå starten av 80 talet), Liv Hushagen og Anais Morera Sanabria.

